

norsk bokmaal maatte vera norsk baade i ljoðverk, formlæra og setningsbyggnad, og laut difor vera bygt paa det nedervde livande maal i bygderne.

So gav Ivar Aasen i 1853 ut *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Her legg han fyrst fram prøvor av ei rekkja med maalføre, og deretter set han upp ein aalmenn skrivemaate eller skriftform for alle norske maalføre; denne formi kallar han *landsmålet*, og gjev fleire prøvor paa det. Sidan hev han i *Norsk Grammatik* (1864) og i *Norsk ordbok* (1873) greidt næmare ut denne mynsterformi og grunnfest henne vitskapleg^{*)}. Dette er det merkelegaste og største arbeid som er gjort i maalvegen her i landet; me fekk ei mynsterform for eit aalment nynorsk bokmaal, født og boren av ein sjølvstendig norsk tankegang, eit nytt og fullnorsk merke aa fylgja.

Det var andre og, som var inne paa same tankegangen som Ivar Aasen um ein aalmenn skrivemaate av maalføri og som for aalmenta hev lagt fram prøvor paa ei dilik. Soleis let professor P. A. Munch alt i 1846 føra inn i »Annaler for nordisk oldkyndighed» ei lang folkevisa (*Asgarðreiðin*) i „østre telemarkisk dialekt med en efter etymologiske regler lempet orthografi“. I 1853 gav prosten M. B. Landstad ut *Norske folkeviser* i ei normalisera form. Men baade Munch og Landstad retta skrivemaaten so mykje etter gamalnorsk, at skriftformi deira vart vand og ulagleg aa lesa, og gav ikkje eit fullgodt bilæte av det livande maal. Annarleis var det med professor *Sophus Bugge*, som i 1859 sette inn i Folke (ei tidsskrift som Fr. Barfod gav ut) „Folkeviser fra øvre Tele-

^{*)} Maalgranskaren *Hans Ross* hev sidan halde fram med aa samla norske ord, og gav i 1895 ut »Norsk ordbog«, som er eit tillegg til Ivar Aasens, men er endaa større.